



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 3

2014

ÅRGANG 29



*Karl Seglem og Håkon Högemo kjem
på klubbefesten
8. november*



Sommar – og anna godt i vente...

Laget og ringen har hatt ein vår med tett program. Fyrste maihelga drog ein god gjeng på Rørosleken og dansa heile helga. Torsdag 8. mai var ei tylft lagsfolk og såg "Trost i Taklampa" og feira Alf Prøysen på Det Norske Teatret.

Og laurdag 10. var me i alt åtte stykke som sjaua vårdugnad på Pustut; hadde ut alt av sengetøy og utøy, møblar og anna, kasta ein del, vaska ned både tak, veger og golv og gjorde hytta rein og ryddig for lagsfolk som vil ha seg ei helg, ein dag eller ein kveld der oppe. (Badevatn rett ved!) Sjå reportasje baki bladet.

Helga 24.–25. mai var det rekkelag og litt dugnad på Nordfjordhytta. Dessutan dansa ringen framsyning fem stader i Bærum 17. mai og hadde si avslutning før sommaren 10. juni.

No skjer det ikkje så mykje i laget og ringen sin regi i sommar, men me minner om Landskappleiken på Geilo 26.–29. juni og Førdefestivalen helga etter, 3.–6. juli.

Men til hausten trør me til med offisiell gjenopning av Sunnfjordhytta på Sinober, truleg ei helg i september, og smalahovegilde same stad ein laurdag i oktober. Ta til å gle' doke!

Og so kan me røpa alt no at me har sikra oss *multimusikaren Karl Seglem* og *folkemusikar Håkon Högemo*, båe frå Årdal i Sogn, til konsert på **Klubbefesten 8. november**. Det er rett og slett berre å setja av kvelden alt no – til klubb og konsert i Storsalen i Nordahl Bruns gate! Dans blir det òg – til livs levande spel...



Fylg elles med på det som skjer på nettsidene våre:
<http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaneringen.no/>
Ha ein god sommar!

*Alv Reidar Dale
Lagsleiar*

17. mai

- Ringen dansa på helseinstitusjonar i Bærum

Tradisjonen tru dansa ringen også i år.



Dei fleste dansarane samla til gruppebilete etter dansinga på Statens senter for epilepsi (Solberg). Foto: Dagfinn Aa.



Kaffi og bløtkake på Martina Hansens Hospital. Ved nærmeste bordet sit frå venstre Eldbjørg Stensrud, Kjell Stensrud og Per Rinde. Foto: Dagfinn Aa.



**Sogn og
Fjordaneringen**

Rekeselskap på Nordfjordhytta

24. - 25. mai

Det har gjennom mange år blitt tradisjon med ei samling om våren (rekeselskap) og ei om hausten (osteselskap). Årets rekeselskap føyer seg inn i rekka av trivelege samlingar på hytta. Det var strålende ver og godt over 20-talet på gradestokken. Også festdeltakarane strålte rundt bordet med god mat, drikke og prat.

Før vi kom til festmåltidet tok vi skriftens ord på alvor med litt dognadsarbeid. Denne gongen var det vedhogst.

Eit anna arbeid, av det tyngre slaget, stod også på programmet. Batteria til solcelleanlegget var defekte etter ti års teneste. Anne-Lise frakta nye batteri så langt som mogleg på skogsbilvegen. Siste stubben måtte dei på ryggen, og dei gamle måtte same vegen tilbake. Blytunge børar i ordets forstand. Dei to som fekk dette ærefulle oppdraget var samde om at batteria måtte vere minst 40 kg. Veging seinare viste 28,1. Oddvar sin teori om den relativ store skilnaden mellom opplevd og faktisk vekt er at lufta høgt til fjells er tunnare, og då vert det mindre oppdrift.

Takk for ei fin helg, og for vel utført dognad.

Dagfinn Aa

Første tysdag i kvar månad

Vi møtast på Kaffistova i Rosenkrantzgate kl. 17 til middag. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får ein rabatt.

Dugnad på Pustut laurdag 10. mai

Arbeidet med påbygging og oppgradering av Pustut i Lillomarka går no mot slutten. Denne mailaurdagen var vi ein gjeng som drog dit og jobba.



Alle sengeklede og teppe, og kva det no elles måtte vere av tekstilar, vart hengde ut for lufting på snorer og greiner, eller lagde på tak og andre høvelege underlag.



Birger Underdal (foto t.v.) var primus motor for å få bygd eit stillas inne i peisestova, slik at vi fekk vaska heilt opp under mønet. Birger hadde ein aktiv dag på hytta, og i tillegg til stillaset felte han ei bjørk som hadde sett sine beste dagar og år. Han tok også mål for ny trapp frå kjøkenet til hemsen over, og denne er no for lengst ferdig.



Dugnadsgjengen er samla, med unntak av fotografen, mellom hengande dyner og andre klede. F.v. Ragnvald Halset, Oddgeir Havn, Agnar Kvellestad, Agnar Hegrenes, Anne-Merete Gårdsrød, Martha Reksten og Birger Underdal. Anne-Merete hadde med rikeleg med bollar, som vi hadde til kaffien. Det var godt for både arbeidsmoral og –krefter.



Hytta vart vaska ned. Her er Ragnvald Halset og Agnar Kvellestad komne opp på stillaset og vaskar taket. Heile stova vart vaska ned. Alv Reidar og Martha vaska ned på dei to hemsane.

Tekst: Agnar Kvellestad
Fotograf: Alv Reidar Dale



VERDA KJEM TIL FØRDE – FOR 25. GONG!



Det mest lokale er det mest globale i følgje Hilde Bjørkum. 2.-6. juli feirar festivalen ho er direktør for 25 år som kulturell smeltedigel, som er den største i sitt slag i Skandinavia. I løpet av desse åra har 6000 musikarar frå 120 land stått på scena under Førdefestivalen i kraft av å ta vare på og utvikle musikktradisjonane sine – og slik gjeve bidrag til verdas musikalske flora og til «verdensmusikken». I år har festivalen gjort si eiga historie til tema: **Lokal-Global i 25 år!**

Når Førdefestivalen i år set fokus på folkemusikk i globalt perspektiv, ser dei både bakover og framover. Lokal-global er også visjonen til festivalen, som har gjort det til sitt varemerke å presentere eit breiare spekter av musikktradisjonar enn nokon annan festival i Norge. –Det er eit mål, og ei

glede, å overraske. Førdefestivalen vil gje publikum noko dei ikkje visste dei ville ha, fortel direktør Hilde Bjørkum, som har leia festivalen sidan starten i 1990.

Den musikalske menyen på jubileumsfestivalen spenner frå heftig argentinsk tango og nordnorsk heklamusikk til palestinske oud-virtuosar og persiske vokalkunstnarar. Klezmerfestmusikk, cubansk son og rajasthanske songtradisjonar vert avløyst av slåttemusikk frå Jølster, Verdal, Voss og Valdres. I Førde får du sjefull fado side om side med berberblues, gresk-tyrkisk rebetika, himmelsk vakker ortodoks song og heftige balkanrytmer. Verda kjem til Førde!

Teksten er henta fra <http://www.fordefestival.no>

Artistar Førdefestivalen 2014 er blant anna:

Bassekou Kouyaté & Ngoniba ML

Ana Moura PT

Le TrioJoubran PS

String Sisters UK/US/NO

Divna RS

JPP FI

Amsterdam Klezmer Band NL

Taraf de Haïdouks RO

Sivan Perwer Kurdistan/TR

Cherifa MA

Cigdem Aslan TR

Tango Azul AR

Soneros deVerdad CU

Mahsa & Marjan Vahdat IR

Gjermund Larsen, Einar Olav Larsen, Ragnhild Hemsing, Elbjørg Hemsing NO

Hekla Stålstrengs NO

Ferro Gaita CV

King Ayisoba GH

Sudan Dudan NO

Jorun Marie Kvernberg, Øyvind Sandum NO

Fargespill VERD

A

PROGRAM FOR HAUSTEN 2014

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>,

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/aktivitetskalender/>

Kvar tysdag Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen. Første gong 27. august

Helga 7-8/9 Osteselskap på Nordfjordhytta

Laurdag 11/10 Sogn og Fjordaneringen feirar 60 år

Laurdag 8/11 Klubbefest

Tysdag 10/12 Juleavslutting i Ringen

Lagsavisa Tre Fjordar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste avisa er **6/8**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til agnar.kvellestad_krøllalfa_nmbu.no. Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Ev. kontakt oss på tlf. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

Lagsbladet vert sendt ut berre i digital form til alle dei laget har e-postadresser til, og me bed folk senda inn e-postadressa si til hilmar_krøllalfa_getmail.no. Då kan de få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

Opplysingar om folkedanstilskipingar finn ein på

<http://folkedans.com/>

<http://www.bl.no/index.php?pubid=kalender&>

<http://www.fordefestival.no>

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar:	Alv Reidar Dale a.r.e.dale@uniforum.uio.no	97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
Kasserar:	Hilmar Nummedal hilmar@gmail.no	22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63

PRESSE & PR

Leiar:	Agnar Kvellestad agnar.kvellestad@nvh.no	22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
--------	---	-------------------------------

HYTTESTYRET

Leiar:	Agnar Hegrenes agnar.hegrenes@nilf.no	22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
--------	--	-----------------------------------

Kontakt Sunnfjordhytta:
Andor Gjelsvik
andorgj@frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta:
Dagfinn Aa
daa@ssb.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar:	Anne-Lise Berggren alb@geofrost.no	67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)
--------	---------------------------------------	-----------------------------------